



Bygg Engros AS
Opstadveien 10
4330 ÅLGÅRD

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/3847 - 14/25655

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
20.11.2014

Løyve til endring - oppføring av fritidsbustad - gbnr 88/20 Marås.

Administrativt vedtak. Saknr: 362/14

**Ina Therese og Rune
Marås**

SAKSUTGREIING:

Tiltak

Saka gjeld søknad om endring av ansvarleg søkjar frå Norsk Byggplan AS til Bygg Engros AS. I tillegg vert det søkt om endring av godkjend høgde på fritidsbustaden. Ny høgde vert 0,2 m høgare enn godkjende teikningar, jf byggjeløyve for oppføring av fritidsbustad datert 26.06.2014, på grunn av mindre endring av takkonstruksjonen. Endringa vert dokumentert i samband med søknad om ferdigattest.

Det vert elles vist til søknad motteke 30.10.2014.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 30.10.2014 og frist for sakshandsaming etter pbl. § 21-7 jf. SAK 10 § 7-2 er 3 veker frå denne dato.

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innafor det som i kommuneplan 2003 sin arealdel er definert som LNF-føremål. Det er gitt dispensasjon for oppføring av fritidsbustad på eigedomen i møte i plan- og miljøutvalet 06.03.2014 sak 40/13.

Nabovarsel



Tiltakshavar søker om fritak for nabovarsling av endringa. Naboane er varsla munnleg og har ikkje merknader til endringa. I tillegg er fritidsbustaden plassert slik at han verken er synleg for eller sjenerer nokon av naboane.

I medhald av reglane i pbl. § 21-3 andre ledd vert det gjeve fritak for nabovarsling av eigarane då ein finn at naboane sine interesser ikkje vert råka av arbeidet.

Plassering

Plassering av tiltaket i horisontalplanet er som godkjend i vedtak datert 26.06.2014. Høgda på fritidsbustaden vert 0,2 m høgare enn opprinnleg godkjend, dvs 5,67 m.

For plassering gjeld toleransegrenser for områdetype 2, jf standarden «Plassering og beliggenhetskontroll»

VURDERING

Plassering

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

Omsøkte endring av høgda på bygget er følge av mindre endring av takkonstruksjonen. Egedomen ligg i spreiddbygd område og endringa vil ikkje påverka naboeigedomane på grunn av avstand og høgdeskilnad. Det vert difor godkjend at endringa vert dokumentert ved innsending av bruksløyve/ferdigattest i dette høve.

Ansvarsrettar og tiltaksklasse

Føretaket **Bygg Engros AS**, org.nr. 988373958, har søkt ansvarsrett som **ansvarleg søker (SØK)**. Føretaket har sentralgodkjenning som dekker ansvarsområdet.

Nosk Byggplan AS sin ansvarsrett går ut.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-1 vert det gjeve løyve til endring av tiltak i eitt-trinn i samsvar med søknad mottatt 30.10.2014 og på følgjande vilkår:

- Høgda på bustaden vert godkjend som omsøkt. Reviderte teikningar skal liggja føre før bruksløyve/ferdigattest vert gjeve.**

Med heimel i plan- og bygningslova § 23-3 jf. § 23-4 (SØK) / 23-5 (PRO) / 23-6 (UTF) /23-7 (KTR) gjev kommunen godkjenning for følgjande endring av ansvarsrett:

FUNKSJON	FØRETAK	ORG.NR.	L/S *	TILT.KL	ANSVAR SOMRÅDE
SØK	Norsk Byggengros AS	988373958	S	1	Ansvarleg søker

*S = Sentral godkjenning, L = Lokal godkjenning

Det er en føresetnad for vedtaket at føretak og personar som ikkje har sentral godkjenning har utarbeidd og teke i bruk føretakssystem i medhald av SAK kapittel 10.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klaga over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klaga på vedtaket vera nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vera tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 14/3847.

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om bygggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Sluttdokumentasjonen skal vise at tiltaket er utført i samsvar med løyve og føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova. Om det er justeringar i tiltaket i høve til løyvet som ikkje krev søknad om endring, skal ansvarleg søkjar seinast ved søknad om ferdigattest senda oppdatert situasjonsplan og teikningar til kommunen. Ved søknad om ferdigattest skal søkjar stadfesta at høveleg dokumentasjon for forvaltning, drift og vedlikehald er overlevert byggverket sin eigar. I tiltak der det er krav om avfallsplan eller miljøsaneringsutgreiing skal sluttrapport som dokumenterer faktisk disponering av avfall leggjast ved søknad om ferdigattest.

Når det står att mindre vesentlege arbeid kan kommunen gje mellombels bruksløyve for heile eller deler av tiltaket. I søknad om mellombels bruksløyve skal søkjar identifisere attståande arbeid, stadfeste at byggverket har tilfredsstillande tryggleik, og setja tidspunkt for ferdigstilling.

Oppdatert gjennomføringsplan skal alltid leggjast ved søknad om ferdigattest/mellombels bruksløyve.

Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket må følgjande ligge føre:

1. Ferdigattest/mellombels bruksløyve for VA-anlegget.
2. Ferdigattest/mellombels bruksløyve for veg og avkjørsle.
3. Avkjørsle til offentleg veg skal vere godkjent av vegstyresmakta.

4. Rekkefølgekrev i reguleringsplan skal være oppfylt.
5. Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen.

GEBYR

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

Kode	Skildring	Tal	Sum
10.2.8	Endringar i løyve	1	Kr 2 800,-
10.2.9	Godkjenning av ansvarsrett per føretak som har sentral godkjenning	1	Kr 1 000,-
	Totalt gebyr å betala		Kr 3 800,-

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet kan setjast i gang, jf. pbl § 21-4 (6).

Klage

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunnigjeven.

Med helsing

Tor Hegle
einingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Ina Therese og Rune Marås

Mottakarar:

Bygg Engros AS

Opstadveien 10 4330

ÅLGÅRD